

- 7 JUNI 1993



FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

MØRE OG ROMSDAL



ÅRSMELDING

1992

FORORD.

Herøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden. I sør mot Sande kommune.

Det er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya og øyane Skorpa, Nerlandsøya, Runde, Remøy, Leinøy, Bergsøy og Flåvær.

Kommuna har 540 øyar, holmar og skjær, og har ei flatevidde på 130 kvadratkilometer.

Ved årsskiftet 1992/93 hadde kommunen eit folketall på ca 8200.

6 av dei 8 øyane er no knytte saman med bruver som gjer det lettvinnt for folk å kome seg til kommunesenteret i Fosnavåg med Rådhuset og kommuneadministrasjonen.

Rettleiarkontoret ligg i Fosnavåg. Det er rimeleg god plass. Det er 2 kontorrom og eit mindre arkivrom. Eit av kontora er såpass stort at det kan nyttast som møterom for møta i fiskerinemnda. Vi har det vanlege utstyret som trengs. Etter vi fekk telefaks har utgåande brevpost minka monaleg.

Kontoret har i mestedelen av tida hatt kontorhjelp utan stillingsheimel. Johnny S. Kvalsund har dei siste åra vore ansett som kontorfullmektig. Herøy kommune står som arbeidsgjevar. Ein mindre del av løna er tilskot frå Fiskeridirektoratet. Fiskerirettleiar er Odd Sævik.

INNHOLD

KAPITTEL

SIDE

| | |
|---|-----|
| 1. Nemnder og styrer for perioden 1992-95 | 1-2 |
| 1.1 Innleiing | 3 |
| 2. Merkeregisteret | 4 |
| 2.1 Fiskarmanntalet | 5 |
| 3. Fiskeflåten i Herøy | 6-7 |
| 3.1 Oppdrettsnæringa | 8 |
| 3.2 Servise for fiskeflåten | 9 |
| Fiskeindustrien i Herøy | 9 |
| Konsesjoner | 10 |
| Kart over oppdrettslokaliteter | 11 |
| Tabell i landført fangst i Herøy | 12 |

1..

NEMNDER OG STYRER FOR PERIODEN 1992 - 95.Herøy FiskerinemndMedlemer:

1. Arnt Leinebø, 6094, Leiar

2. Reidar Hole, 6094, nestleiar
3. Åse Alnes Kvalsvik, 6099

3. Hans Sande, 6095

4. Stig Remøy, 6094

5. Knut Arne Høyvik, 6080

Pers. varamedlemer:1. Åse Alnes Kvalsvik,
2. Randi Ervik Berge
3. Målfrid Båtsvik
4. Janne Remøy Endresen1. Svein Rune Smådal
2. Harald Hansen
3. Jonfred Kvalsvik
4. Hjørdis Sævik1. Herdis Nerland
2. Hans Petter Leine
3. Liv Norunn Remøy
4. Kjartan Berge1. Odd Magne Skotnes
2. Bård Remøy
3. Margrethe Kvalsvik
4. Jan Skorpen1. Harald Sævik
2. Sissel Frøystad
3. Ingolf Sævik
4. Einar StorøyFiskarbankens TakstnemndMedlemer:Arnt Leinebø, Leiar
Anfinn Molsumyr
Odd Sævik (motorkyndig)Varamedlemer:1. Stig Remøy
2. Einar Storøy
3. Knut Sævik
4. Magne Nærø
5. Alf Nerland

HERØY HAMNSTYRE 1992-95Medlemer:

Ap:

1. Jonfred Kvalsvik
2. Bodil Notøy

Varamedlemer:

1. Harald Hansen
2. Runar Stave
3. Leif Lervik
4. Inge Nærø
5. Lars Harald Moltustøl

SV/V:

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| 1. Øystein Ø. Goksøyr, leiar | 1. Rolf Sivertsen |
| | 2. Jostein Kvalsvik |
| | 3. Gudbjørg Dale |
| | 4. Terje Lindal |

Krf.:

1. Knut Sævik
2. Paul Harald Leinebø

1. Åse Alnes Kvalsvik
2. Arne Jøsok
3. Paul R. Kvalsund
4. Arnvid Tarberg
5. Hilda Pareliusen

Sp:

1. Palmar Kleppe

1. Oddbjørg Remøy
2. Ragnvald Vågsholm
3. Hans Sande
4. Alf Nerland

H/Frp./Herøylista:

1. Magne Sævik, nestleiar
2. Marit Skogen
3. Paul Reite

1. Jan Magne Kvalsvik
2. Einar Storøy
3. Otto Myklebust
4. Hilde Nærø
5. Rigmor Voldnes
6. Knut Tandberg

Herøy kommune vert ofte nemnt som den største fiskerikommuna i landet. Dette kjem sjølsagt an på kva slags mål ein legg til grunn. Men påstanda kan vel ha mykje føre seg. Det er vel ingen kommune i landet som har ein større og meir variert fiskeflåte enn Herøy. Også når det gjeld aktive fiskara peikar Herøy seg ut. Det er 8.5 % av folketalet i Herøy som er registrert i fiskarmannatalet. Også når det gjeld verdi av islandbragt fangst er og flåten frå Herøy på topp. I 1992 kom førstehandsverdien frå flåten opp i 376 mill. kroner. Det er 5 mill. meir enn året før og heile 44 mill. meir enn i 1990.

Vi visar ellers til oppstilling seinare for dei ymse flåtegruppene.

I året som gjekk var det framleis problemer i oppdrettsnæringa. Låge priser, dumpingsanklager, store lager av innfrose laks saman med konkursen i FOS skapte store vanskar for oppdrettarane. Det fekk og oppdrettarane i Herøy merka.

Den sokalla "Sunnmørsmodellen" med samdrift av anlegg på nye lokalitetar vart gjennemført i Møre og Romsdal etter dei alvorlege utbrot av furunkulose over heile fylket. Det vart store vanskar med å finne høvelege lokalitetar for anlegga. Sjøl om det er store sjøområder i Herøy er det berre i Herøyfjorden det er egna område for oppdrettsanlegg i sjø. Det er 2 slakteri for laks i Herøy. Det eine har status som sanitetsslakteri.

Fiskeindustrien i Herøy er ikkje kva den eingong var. Mottaksanlegg for fisk har minka dei siste åra. Det er no berre eit anlegg som tek imot fisk av vesentlig betydning. Det er Sunnmørselfisk a/s som tek imot store kvanta for eksport i løpet av året. Fosnavåg Fryseri tek i hovudsak mot makrell, reke og sild, men kjøper og mindre kvanta fisk for eigenproduksjon for det innanlandske marked.

Herøy Canning, ein hermetikkfabrikk med lange tradisjoner gjekk konkurs. Maskinene for hermetikkproduksjon blei fjerna og anlegget blei solgt til eit nystarta firma, Sunnmøre Sjøprodukter a/s, som og overtok lakseslakteriet og fryseriet til Herøyfisk a/s. Sunnmøre Sjøprodukter a/s startet produksjon med mottak av fisk og lakseslakting på slutten av året.

Det er 3 røykeri i Herøy som tek imot sild for produksjon av røykte produkter for eksport i tillegg til sildoljefabrikken til Silfas på Moldtustranda.

Herøyflåten har god tilgang til servise innan kommunen. Det finnast to notbøteri. Eit i Fosnavåg og eit på Eggelsbønes. To reidskapsfabrikkar, den eine med ein velassortert skipshandel. På notbøteriet i Fosnavåg kan dei og ta ettersyn på dei fleste typar av redningsflåtar. For den mindre kystflåten og fritidsflåten er det eit godt tilbod med mindre reparasjonsverksteder spreidd rundt om i kommunen. Og når det gjeld skipselektronikk er vi i stor grad sjølhjelpte, då det i Fosnavåg er forretningar som både leverar og reparerer elektroniske apparater.

MERKEREISTERET.

4.

I 1992 auka antalet fartøy i Herøy med 18. Frå 214 fartøy i 1989 er det vokse til 252 ved årskiftet 92-93. I hovudsak er auka av fartøy millom 8 til 11 meter. Dei fleste er merkeregistrerte fartøy kjøpt frå ymse kantar av landet med maksimalkvote for torsk. For større fartøy er det ikkje nemnande endringar.

| Lengde i meter | Status pr.1/1 | Antall fartøy | | Status pr.31/12 | Storleik | | byggear, avgang/tilgang 1991 | | | | | | |
|----------------|---------------|---------------|---------|-----------------|-----------------|-----------------|------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-------------------|--------|--|
| | | Avgang | Tilgang | | Før 1/1 1930 | Før 1/1 1940 | Før 1/1 1950 | Før 1/1 1960 | Før 1/1 1970 | Før 1/1 1980 | Etter 1/1 1980 | Totalt | |
| | | | | | | | | | | | | | |
| Under 9.99m | 157 | 8 | 22 | 171 | 1 | | 2 | 8 | 17 | 88 | 55 | 171 | |
| 10m - 14.99m | 25 | 0 | 4 | 29 | | | | 1 | 2 | 13 | 13 | 29 | |
| 15m - 19.99m | 3 | 0 | 0 | 3 | | | | 1 | | 1 | 1 | 3 | |
| 20m - 24.99m | 2 | 1 | 0 | 1 | 1 | | | | | | | 1 | |
| 25m - 29.99m | 3 | 0 | 0 | 3 | | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 3 | |
| 30m og over | 29 | 2 | | 27 | | | | 7 | 4 | 12 | 4 | 27 | |
| Totalt | 219 | 11 | 26 | 234 | 2 | 0 | 2 | 17 | 24 | 115 | 74 | 234 | |

| Lengde i meter | Status pr.1/1 | Antall fartøy | | Status pr.31/12 | Storleik | | byggear, avgang/tilgang 1992 | | | | | | |
|----------------|---------------|---------------|---------|-----------------|-----------------|-----------------|------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-------------------|--------|--|
| | | Avgang | Tilgang | | Før 1/1 1930 | Før 1/1 1940 | Før 1/1 1950 | Før 1/1 1960 | Før 1/1 1970 | Før 1/1 1980 | Etter 1/1 1980 | Totalt | |
| | | | | | | | | | | | | | |
| Under 9.99m | 171 | 12 | 27 | 157 | 1 | | 2 | 11 | 17 | 94 | 61 | 186 | |
| 10m - 14.99m | 29 | 0 | 3 | 32 | | | | 1 | 3 | 13 | 15 | 32 | |
| 15m - 19.99m | 3 | 0 | 0 | 3 | | | | 1 | | 1 | 1 | 3 | |
| 20m - 24.99m | 1 | 0 | 0 | 1 | 1 | | | | | | | 1 | |
| 25m - 29.99m | 3 | 0 | 0 | 3 | | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 3 | |
| 30m og over | 27 | 1 | 1 | 27 | | | | 7 | 4 | 12 | 4 | 27 | |
| Totalt | 234 | 13 | 31 | 252 | 2 | 0 | 2 | 20 | 25 | 121 | 82 | 252 | |

2.1 FISKARMANNTALET.

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle dei som bur i riket og som har fiske og fangst som næring.

Manntalet blir nytta ved tilståing av rettar og/eller sosiale stønadssordningar som gjeld for fiskara og fangstfolk. Det er "biletten" fiskara må ha for å oppnå det som tilkjem dei av tilskot, kvotar, sjukeløn, ferietilskot, A-trygd for fiskara og andre sosiale goder som er tiltenkt fiskarane.

Fiskarane blir registrert på 2 ulike "blad" i manntalet.
På blad B blir dei oppførde som antas å få minst 20 vekers full beskjiftigelse i fiske og fangst, d.v.s. folk som har fiske og fangst som hovudverv.

På blad A blir dei oppførde som har fiske som bierverv. Reglane for å stå på blad A er ikkje så strenge. Det er mest eldre fiskara som har trappa ned aktiviteten i fiske, som er uføretrygda eller som av andre grunnar ikkje fyller krava til å stå på blad B.

Herøy har fleire rederi som driv innan supply og stand-by verksemd. Det gjeng føre seg mykje skifting av fiskera frå fiskeri til denne flåten. Det kan soleis vere problem til einkvar tid å ha manntalet oppdatert.

Etter at det vart innført kvotebegrensingar på torsk og hyse er det merka sterkt press frå personar som vil registrere seg i manntalet, og då få registrert fartya sine i merkeregisteret.

Utviklinga i antal fiskara i Herøy på blad B fordelt på aldersgrupper for åra -82, -83, -84, -85, -86, -87, -88, -89, -90, -91 og 92.

| | < 20 ANT % | < 30 ANT % | < 40 ANT % | < 50 ANT % | >50 ANT % | TOTAL ANT % |
|------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|----------------|
| 1982 | 49 9.0 | 166 30.5 | 107 19.7 | 101 18.6 | 120 22.0 | 543 100 |
| 1983 | 65 11.5 | 168 29.5 | 120 21.0 | 95 16.7 | 127 16.3 | 569 100 |
| 1984 | 53 8.7 | 203 33.6 | 126 20.9 | 100 16.6 | 121 20.1 | 603 100 |
| 1985 | 71 11.9 | 199 33.4 | 117 19.7 | 99 16.6 | 109 18.3 | 595 100 |
| 1986 | 70 10.3 | 235 34.8 | 149 22.0 | 103 15.2 | 119 17.6 | 676 100 |
| 1987 | 74 10.2 | 256 35.6 | 153 21.2 | 108 15.2 | 121 15.0 | 719 100 |
| 1988 | 101 14.2 | 241 33.8 | 157 22.0 | 107 15.0 | 107 15.0 | 713 100 |
| 1989 | 101 16.1 | 218 34.7 | 135 21.4 | 92 14.6 | 83 13.2 | 629 100 |
| 1990 | 51 8.3 | 253 40.9 | 120 19.4 | 95 15.4 | 97 15.7 | 618 100 |
| 1991 | 59 9.0 | 235 35.7 | 144 21.9 | 100 15.2 | 120 18.2 | 658 100 |
| 1992 | 66 9.5 | 203 29.5 | 128 18.7 | 98 14.1 | 117 16.7 | 612 100 |

PÅ Blad A var det i 1986 91 personar, i 87 var det 92, i 88 var det 93, i 89 var det 105 og ved utgangen av 1990 og 91 var det 126 personar på Blad A. Ved uången av 1992 var det registrert 84 personar på Blad A.

Rekrutteringa til fiskeria i Herøy er framleis god. Det vart 45 nyinnmeldingar i manntalet i 1991 mot 58 året før. I 1992 var det 50 nyinnmeldingar.

3.

6.

FISKEFLÅTEN I HERØY.

Som ein vil sjå i statistikken over fiskeflåten i Herøy så er det ein tilgang på 31 farty og ein avgang på 13 farty. Netto tilgang på 18 farty. Dei fleste er under 10 meter.

RINGNOTFLÅTEN.

Ringnotflåten er den dominerande flåtegruppa i herøyflåten. Herøy ilag med Austevoll har dei store ringnotmiljøa i landet. Ved årskiftet 1992-93 var det 13 aktive ringnotfarty i Herøy med med ein konsesjonskapasitet på 143.250 hl. og ein "sovande" konseksjon på 8000 hl. Den høyrer til M/S "NORDSJØBAS" som er i kystvakta

Det går stendig føre seg ei oppgradering og fornying av utstyr i flåten so ein kan trygt seie at flåten er i god stand. Det har vore ein stor fordel om det har vore økonomisk forsvarleg med ei fornying av flåten ,men med dei store kapitalutgifter som krevs til drift og vedlikehald ser ikkje reiarane seg syn med det. Prisane på sild og makrell har gått ned i 92. Skipsregnskap A/S som har rekneskapen for dei fleste ringnotfartya gir opp ein gjenomsnittleg pris for makrell til kr.1.91 mot kr.2.87 året før. For konsumsild har prisen falle frå kr.1.95 til kr.1.54 pr.kg. Prisen til oppmaling viser ei lita auke frå kr.51 til kr.52.20 pr.hl. Trass i prisfallet har flåten hatt meir å fiske på og det er årsaka til at fangstverdien er auka med 17 mill. kroner i høve til året før.

BRUTTO FANGSTINNTEKT FOR RINGNOTFLÅTEN FOR ÅRA 1984-1991.

1985: KR. 125.000.000.-
1986: KR. 127.000.000.-
1987: KR. 113.000.000.-
1988: KR. 154.500.000.-
1989: KR. 184.000.000.-
1990: KR. 162.000.000.-
1991: KR. 183.000.000.-
1992: Kr. 200.000.000.-

To av ringnotfartya har ikkje løyve til å drive kolmuletråling. Den eine av dei driv ombordproduksjon av frosnevarer.

INDUSTRITRÅL.

Herøy hadde 6 industritrålara i 1991. Fartya er for det meste eldre farty ,men dei er moderniserte og oppgraderte so ein kan trygt seie at dei er i tipp topp stand. Det visar også igjen på resultata. Industritrålalarane frå Herøy er alltid blandt toppbåtane i industritrålflåten.

Med den intense drifta til industritrålalarane har alle no utskiftingsmannskap. Drifta er no so hektisk at ingen greier å stå ombord heile året. Dette gjer seg og utslag i bettre fangstar og bettere arbeidsmiljø.

Forts.

Brutto fangstintekt for industritrålarane 1986-1992.

1986: KR. 19.000.000.-
1987: KR. 25.000.000.-
1988: KR. 19.500.000.-
1989: KR. 29.000.000.-
1990: KR. 27.000.000.-
1991: KR. 37.000.000.-
1992: Kr. 35.000.000.-

REKETRÅL.BRUTTOFANGST FOR REKETRÅLARANE 1986-1992.

1986: KR. 82.000.000.-
1987: KR. 88.000.000.-
1988: KR. 91.000.000.-
1989: KR. 87.000.000.-
1990: Kr. 92.000.000.-
1991: KR. 88.000.000.-
1992. Kr. 80.000.000.-

Etterkvart som torskebestanden aukar blir det meir yngelinnblanding på enkelte felt ,som då blir stengt for tråling. Spesielt gjer dette seg gjeldande for dei som ikkje har løyve til å fangste på Grønland.På Svalbard har felta vore stengde lange periodar grunna stor yngelinnblanding."Jan Mayen" vart trekt ut av fisket tidleg på hausten,og det er vel i hovudsak årsaka til at fangstverdien minka. Prisane på industrireke har i heile 92 vore på eit lavmål,mens den store reka frå Grønland som i hovudsak blir eksportert til Japan har oppnådd gode prisar som før.

Line/garn/kystnot/snurrevad og brugde.

Denne gruppa omfatter ei blanda gruppe som deltek i ymse fiskeri og som skifter reidskap etter sesongane.Dei to autolineane hadde omlag same kvantum som føråret,men oppnådde ikkje dei same gode prisar som året før.Fangstverdien for dei var omlag kr.24 mill. Ein nedgang på omlag 4 mill.

Brugdefangsten tok seg opp i 1992, og fleire båtar rusta seg ut til brugdefiske.Det var serleg prisen på finnane som gjorde at båtane fann det lønsamt. Prisen på levra var heller därleg. Brugdefangsten er svært avhengig av godt veir,og det er eit fiske som tærer mykje på tolmotet. Men år om anna når forholda ligg til rette for det kan det gi god inntening. Sesongen i 1992 gav ei godt resultat for dei som dreiv frå sesongen starta i mai måned.

Då brugdefangsten var på sitt høgste for 15-20 år sida,var det 10-15 farty som deltok frå Herøy.I sesongen 1992 var det 5 farty med.

For sjarkflåten var året som gjekk rimelig bra. Det var 44 båtar som var med i fartykvoteordninga i 1992. Dei aller fleste greide å fylle kvotane sine.Snurrevadbåtane frå Herøy gjekk nordover til Vesterålen og Lofoten og tok kvotane der. Dei fleste av dei andre fartykvotebåtane fekk torskekvota si på heimlige trakter.Men det var nokre få som gjekk nordover og tok kvota si der.

Forts.

Det vart og sett igong eit nytt fiske på bankane utfor Møre kysten. Frøystad Fiskevegn på Bølandet utvikla ei ny type garn spesielt for fiske etter breiflabb. Det vart ein suksess og fleire farty frå Herøy kosta seg denne vegna. Dei som var tidleg ute gjorde det også svært bra og fekk gode fangstar. Det synte seg at etterkvarter som fleire og fleire båtar kosta seg "Flabbegarn" så minka fangstane, men det kan ha noe med erfaring med omsyn til djupne og felt å gjere. Men det er vel fare for at det vart for mange båtar som kosta seg vegn og at bestanden på Mørebankane vart sterkt nedfiska. Dette vil slå sterkest ut for den mindre sjarkflåten som er lite mobil. Men då fisket er så nytt er det for tidleg å seie korleis utviklinga vil verte i framtida.

For gruppa som heilhet kom fangstverdien for 1992 opp i kr. 61 mill.

Totalt bragte flåten i Herøy iland fangst for kr. 376 millioner som var ny rekord.

OPPDRETTSNÄRINGA.

I HERØY er det 4 anlegg i sjø for oppdrett av laks og aure, og 2 landbaserte anlegg for oppdrett av kveite, piggvar og andre marine artar. Det er og eit settefiskanlegg med konsesjon for 500.000 stk. smolt. Møre Marinfisk A/S har vorte landskjendt for sitt pionerarbeid innan kveiteoppdrett. Firmaet blei omorganisert i løpet av året og er no heileigd av Seafarm-gruppen. Namnet er no Seafarm Møre A/S. Dei har no løyst dei problem det har vore med oppdrett av kveite og kan no begynne å hauste fruktane av eit langt og møysomlig arbeid. Dei har no 65.000 stk. kveite i anlegget av ymse storleik. I løpet av 93 reknar dei med at dei kan leve kveite til markedet. Det har allereie vore sendt mindre prøveparti til ymse hotell/resturantar og det har vore svært positive tilbakemeldingar.

Det andre landbaserte anlegget er heller i liten målestokk. Dei hadde ved årskiftet 900 stk. piggvar gj. snitt 2 kg og 3000 stk. gj. snitt 0.8 kg. Dei hadde og 200 stk. småkveite. Eigarane har behov for meir kapital, men det kan sjå ut som det er vanskelig å få til.

Orkanen nyårsnatta var årsaka til at oppdrettsanlegget til Herøy Fiskefarm i Ryssevika totalhavarerte. Dei miste slakteferdig laks for 7-8 millioner kroner, så det var eit katastrofalt tap for bedrifta. Dei andre 3 anlegga hadde ikkje skade av betydning. På slutten av året steig prisane litt.

Produksjon og verdi.

- 1988. 4 anlegg. Produksjon: 945 Tonn. Verdi kr. 35 mill.
- 1989. 4 anlegg. Produksjon: 860 Tonn. Verdi kr. 25,4 mill.
- 1990. 4 anlegg. Produksjon: 948 Tonn. Verdi kr. 26,0 mill.
- 1991. 4 anlegg. Produksjon: 1301 Tonn. Verdi kr. 39,4 mill.
- 1992. 4 anlegg. Produksjon: 876 Tonn. Verdi kr. 27,2 mill.

I 1992 var det 24 årsverk i oppdrettsnäringa i Herøy, derav 2 kvinner.

Det er og eit settefiskanlegg med konsesjon for 500.000 stk smolt.

Det er no berre eit verft igjen i kommunen som driv med nybygging og reparasjon og vedlikehald av større farty.

Det er fleire mindre verkstader med slipp som betenar sjarkflåten og den veksande fritidsflåten.

I Fosnavåg er det eit notbøteri med skipshandel. Dei har og service for redningsflåtar. På Eggesbønes er det og notbøteri. Der er det og opplagsplass og slipp for mindre båtar.

Det er to reidskapsfabrikkar i Herøy. Den eine og med ein assortert skipshandel. Fabrikkane er i seinare åra mykje fornya, og dei leverer produkta sine over heile landet, og det har og vore satsa på eksport av nokre av produkta. Det vart produsert tusenvis av breiflabbgarn i siste halvdelen av 92, og fabrikkane hadde tildels store vanskar med å lage nok garn.

Dei 2 bøteria og reidskapsfabrikkane sysselset samla 95 personar. Derav 45 kvinner.

Utviklinga med stendig meir elektroniske og elektriske apparater ombord i fiskebåtane set store krav til ettersyn, vedlikehald og nyinnstallasjoner. Det er ei forretning i Herøy som har spesialisert seg på dette og ei anna driv også i bransjen, men i mindre målestokk.

Nokre få rederi har eigne kontor, men dei fleste leiger teneste ved etablerte reknesakpskontor. Det er fleire av dei i kommunen og Skipsregnskap A/S er det største. Dei har rekneskap og tildels administrasjon for dei fleste større farty i kommunen.

FISKEINDUSTRIEN I HERØY.

Fiskeindustrien i kommunen fekk i året som gjekk to nye bedrifter. Herøy Fiskeindustri på Eggesbønes kom igong med produksjon av makrell på sitt nye moderne anlegg. Anlegget vart bygd på rekordtid etter anleggstart i februar måned. Det vart igongsett i august og gjekk for fullt resten av året.

Det konkursramma anlegget til Herøy Canning kom også igong med nye eigara under namnet Sunnmøre Sjøprodukter A/S. Der vert det dreve med konvensjonell produksjon med salting og pakking av ferskfisk og lakseslakteri.

Sunnmørfsfisk A/S i Fosnavåg er igong med store utvidingar av anlegget i Fosnavåg. Det vert bygd heilt nytt anlegg for filetproduksjon og ferskfiskpakking. Det vil bli ein betydelig utviding av arbeidstokken når det blir ferdig eingong på nyåret.

Firmaet driv og eig eit fiskemottak i Øksfjord i Finnmark.

Dei tok mot ca. 12.000 tonn fisk av ymse slag ved anlegget i Fosnavåg i 92.

Herøy Fiskeindustri og Fosnavåg Fryseri tok mot omlag 23.000 tonn makrell i året som gjekk.

I kommunen er det og 3 røykeri, ein sildemjølfabrikk, ein hermetikkfabrikk og 2 lakseslakteri.

Sysselsette: Totalt: 209 Menn: 126 Kvinner: 83

Dei 2 lakseslakteria er berre delar av året i drift. I dei periodane det slaktas laks er det sysselsett 15-20 kvinner på kvar av dei.

KONSESSONS KAPASITETEN
FOR DEN AKTIVE RINGNOTFLÄTEN I HERØY PR 01.01.93.

10.

| | | |
|-------------|----------|---------------------------|
| ARTUS | M-2-HØ | 11.150 |
| LEINEBJØRN | M-3-HØ | 10.000 |
| KINGS BAY | M-6-HØ | 15.000 |
| EROS | M-17-HØ | 15.000 |
| SIGLAR | M-31-HØ | 7.950 |
| VESTBAS | M-46-HØ | 10.000 (ombordproduksjon) |
| SJØBRIS | M-46-HØ | 7.150 (ombordproduksjon) |
| SMARAGD | M-64-HØ | 10.000 |
| TEIGENES | M-120-HØ | 14.850 |
| ZETA | M-240-HØ | 15.000 |
| ESPEVÆR | M-344-HØ | 8.400 |
| HERØYTRÅL | M-347-HØ | 7.900 |
| KINGS CROSS | M-416-HØ | 10.850 |

FRYSEREKETRÅLARA

| | |
|---------------|----------|
| KJALKEN | M-22-HØ |
| REMØY | M-43-HØ |
| OCEAN TRAWLER | M-96-HØ |
| SVINØY | M-553-HØ |

MED NORDSJØ- OG LODDETÅLKONSESJON


| | |
|-----------|----------|
| KVALSKJÆR | M-9-HØ |
| FLUD | M-16-HØ |
| SVANODD | M-26-HØ |
| KVALSVIK | M-29-HØ |
| KVALSTEIN | M-58-HØ |
| GOLLENES | M-276-HØ |

Lokalitetar for oppdrett

11.

- ▲ Tovikfisk A/S
- Herøy laks A/S
- ◆ Herøy Fiskefarm A/S
- ☒ OK FISK A/S
- SEAFARM MØRE A/S A/S Landbasert Kveite/Steinbit
Torskeoppdrett i sjø
- ⊕ Haldor Frøystadvåg Landbasert Kveite/Piggvar
- ▨ Samdrift/Herøy laks - Herøy Fiskefarm
- ▬ Samdrift/Torvikfisk - OK FISK Utsett

X Settefisk Øyralaks A/S



TABELL OVER FISKEPRODUKTER I LANDFØRT I HERØY KOMMUNE

| ORGES SØLGESALGSLAG | HERREDSSTATISTIKK | | ENHET KR. KG. HL | - TOTAL-TALL HERØY | | | |
|---------------------|-------------------|------------------------|------------------|--------------------|------------|-------|-------------------------|
| | I SKESORT | LEVERANSE HOVEDPRODUKT | | LEVER AV | ROGN A | | |
| | FERSKVEKT | RUNDVEKT | UTBETALT | OMSATT | HEKTOLITER | VEKT | UTBET |
| AL | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| HAVAL | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LAKS/SJØØRRET | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LODDÉ | 59.967.049 | 59.967.049 | 31.894.861 | 29.756.966 | 610.217 | 0 | 0 |
| STRØM-/VASSILD | 15 | 15 | 51 | 51 | 0 | 0 | 0 |
| ØRRETFISK | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| KVEITE | 16.530 | 22.316 | 434.960 | 433.807 | 0 | 0 | 0 |
| RØDSPETTE | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| BLÅKVEITE | 343.114 | 411.737 | 4.838.219 | 4.792.061 | 0 | 0 | 0 |
| SMØRFLYNDRE | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| ANNEN FLYNDRE | 3.476 | 4.171 | 41.113 | 39.732 | 0 | 0 | 0 |
| BROSME | 573.762 | 603.267 | 4.678.462 | 4.541.995 | 0 | 0 | 0 |
| SKREI | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| VARTORSK | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| ANNEN TORSK | 1.980.060 | 2.970.090 | 25.412.860 | 25.104.026 | 0 | 0 | 0 |
| LYSING | 13.691 | 19.167 | 215.163 | 211.154 | 0 | 0 | 0 |
| LANGE | 398.124 | 557.374 | 5.212.747 | 5.144.708 | 0 | 0 | 0 |
| BLÅLANGE | 49.507 | 69.310 | 506.397 | 501.043 | 0 | 0 | 0 |
| HYSE | 1.130.293 | 1.583.390 | 11.541.144 | 11.674.737 | 0 | 0 | 0 |
| SEI | 5.946.097 | 8.027.231 | 27.379.850 | 26.977.732 | 0 | 0 | 0 |
| LYR | 51.610 | 67.093 | 358.350 | 351.370 | 0 | 0 | 0 |
| POLARTORSK | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| ØYEPAL | 437.400 | 437.400 | 228.632 | 265.755 | 4.374 | 0 | 0 |
| KOLMULE | 23.473.938 | 23.473.938 | 19.499.895 | 20.000.871 | 309.479 | 0 | 0 |
| HVITTING | 22.970 | 32.158 | 113.097 | 109.076 | 0 | 0 | 0 |
| STEINBIT | 76.138 | 125.710 | 493.372 | 489.607 | 0 | 0 | 0 |
| TOBIS | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| UER | 452.056 | 755.793 | 4.095.270 | 4.062.884 | 0 | 0 | 0 |
| ROGNKJEKS | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| BREIFLABB | 72.262 | 202.334 | 4.063.483 | 4.019.132 | 0 | 0 | 0 |
| HORNJEL | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| HESTMAKRELL | 14.303.343 | 14.303.343 | 9.734.541 | 11.697.774 | 164.437 | 0 | 0 |
| SMÅSILD | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| FEITSILD | 1.213.306 | 1.213.306 | 2.230.873 | 2.281.399 | 13.046 | 0 | 0 |
| VINTERSILD | 1.035.257 | 1.035.257 | 2.563.000 | 2.645.884 | 11.132 | 0 | 0 |
| ISLANDSSILD | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| NORDSJØSILD | 2.303.972 | 2.303.972 | 2.217.761 | 2.504.000 | 24.774 | 0 | 0 |
| FJORDSILD | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| ANNEN SILD | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SARDIN/S.NELLA | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| BRISLING | 29.260 | 29.260 | 13.800 | 15.569 | 308 | 0 | 0 |
| BRISLING Y | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| BRISLING V | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SVERDFISK | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| MAKRELLSTØRJE | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| MAKRELL | 15.222.017 | 15.222.017 | 31.861.361 | 32.658.214 | 169.134 | 0 | 0 |
| PIR | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| HABRANN | 46 | 60 | 453 | 453 | 0 | 0 | 0 |
| BRUGDE | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| BRUNHAI | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| PIGGHA | 37.366 | 51.325 | 105.577 | 171.000 | 0 | 0 | 0 |
| HAKJERRING | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| MAKRELLHAI | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SKATE/ROKKE | 267.540 | 267.540 | 720.817 | 720.646 | 0 | 0 | 0 |
| ANNEN HAI | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| KRABBE | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| HUMMER | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SJØKREPS | 28 | 28 | 4.095 | 4.095 | 0 | 0 | 0 |
| REKE | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| ØSTERS | 739.583 | 739.580 | 29.410.190 | 29.409.715 | 0 | 0 | 0 |
| SKJELL | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| AKKAR | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| ANNEN FISK | 74.543 | 74.543 | 381.454 | 377.374 | 745 | 0 | 0 |
| USPESIFISERT | 0 | 0 | 0 | 0 | 456 | 1.606 | 119.855 |
| HODER | 0 | 0 | 4.643 | 4.647 | 0 | 0 | 0 |
| TANG/TARE | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| OTALT | 135.744.121 | 140.270.795 | 220.852.991 | 220.970.192 | 1.315.716 | 456 | 1.606 119.855 2.585.626 |
| ABELLTOTALER | 135.064.432 | 140.270.795 | 223.440.223 | | | | STRERTE FEIL 0001 |

LEVERT AV UTENLANDSKE FARTØY I HERØY

| I SKESORT | LEVERANSE HOVEDPRODUKT | | | |
|-----------|------------------------|------------|-----------|-----------|
| | MAKRELL | FERSKVEKT | RUNDVEKT | UTBETALT |
| | OMSATT | HEKTOLITER | | |
| OTALT | 2.566.340 | 2.566.340 | 4.016.952 | 4.080.359 |
| | | | | 28.515 |

